

Namn på skulen: Austrheim vidaregåande skule

Tal elevar skuleåret 2015/16: 264

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

Skulen si vurdering i lys av:

Andel fullført og bestått
Andel stryk og IV
Gjennomsnittleg fråvær
Andel sluttarar

1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)

2014/15	72,5
2015/16	75,3

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)

		Andel stryk	Andel IV
Termin 1	2014/15	12,4	10,4
	2015/16	11,07	10,25
Standpunkt	2014/15	12,1	10,84
	2015/16	8,79	9,62
Eksamen	2014/15	17,01	
	2015/16	7,05	

1.3 Gjennomsnittleg fråvær (PULS)

2014/15	timar	15,01
	dagar	13,65
2015/16	timar	14,33
	dagar	12,02

1.4 Andel sluttarar Avbrottsdato frå 1/10 (PULS)

2014/15	5,3
2015/16	4,7

1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17

Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?

Resultat frå 2014 og 2015 sett i samanheng viser framgang på alle punkt. Det er vi nøgd med. Ser vi bakom tala viser det seg av det er et lite tal elevar som står for hovudtyngda av dei negative karakterane, og det er dei same elevane som har høgt fråvær både i timar og dagar. Nokre av desse elvane har store psykiske vanskar, og dei går i hovudsak på utdanningsprogrammet STUSP og 3PÅ.

Forsking viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til

vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?

Vi har felles møter med rådgjevarane på dei ungdomsskulane som søker inn flest av våre elevar. Dette skjer i januar kvart år. Utviklinga dei tre siste åra er at det ofte vert orientert generelt om elevar som har vanskar samstundes som dei elevar som har med seg skriftleg orientering om vanskar og tilretteleggingstiltak minkar. Vi brukar mykje tid i etterkant av kartlegging av Vg1 elvane for å få oversikt over faglege vanskar. Elevar som held fram på skulen har vi god oversikt over.

Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?

Tal på sluttar går også ned, men i år burde det for nokon av elevane vore vurdert overgang til delkurs elevstatus, jamfør kommentar om negative karakterar og stort fråvær. Vi har hatt god oppfølging frå OT til avklaringsamtaler men vi har fleire døme på elevar som burde slutta, takkar nei grunna få andre alternativ, og dei viser til at venene går her, og dei ynskjer halde fram.

Skulen skal dei to neste åra delta i prosjektet «Drømmeskolen» dei vi skal gjennomføre både tiltak med elevmentorar, (fokus på trivsel, inkludering og trygt læringsmiljø), samt tiltaket «Nærværsteam» der fokus er på elevar med stort fråvær, elevar med psykiske vanskar, sluttare og oppfølging av desse. Dette ser vi fram til.

Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?

Vi har hatt gode resultat av systematisk oppfølging av elevar der det etter kartlegging vert satt inn ekstra oppfølgingstiltak, i hovudsak ved bruk av to-lærer i fellesfag. Nytt i år var at vi etter 1. termin oppretta to team sett saman av rektor/ass.rektor, dei to avdelingsleiarane samt rådgjevar og elevinspektør. Desse to teama gjennomførte ein samtale med alle kontaktlærarane med følgjande dagsorden:

- Karakterar 1.termin med fokus på IV og 1, grunnlag for karaktersetning, sjå samanheng mellom karakterar og fråvær samt kva støtte som er sett inn.
- Endring av elevstatus – vurderingsform
- Samtale om elevundersøkinga, (fokus på klasseleiing), resultat, erfaringar, utfordringar og behov for tiltak.

Dette tiltaket vil vi halde fram med neste skuleår. Vidare skal FYR tiltak vidareførast, sjå punkt 3 ,og som nemnd tiltak i regi av «Drømmeskolen» og «Nærværsteam».

2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16

2.1 Vurdering for læring

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:

Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Skulen har dei siste åra skåra rødt på arbeidet med vurdering. Skuleåret 2014-2015 utarbeidde vi en Vurderingsbrosjyre saman med elevrepresentantar. Denne er gjort kjent for både elevar, føresette og lærarar. Vidare tinga vi U.dir. sitt nettbaserte undervisningsopplegg MOOC for alle lærarar, opplegg skal gjennomførast i perioden haust 2015 til jul 2016. Det var sett av tid i fellestida 1,5 time 1 gong pr mnd. Vi har prøvd ulike modellar med veksling mellom plenum og gruppearbeid. Det har vore til dels vanskelig å halde oppe motivasjon for opplegget. Vi gjennomførte ei spørjeundersøking halvveis i året og fekk klare råd om korleis opplæringa kunne organisert og gjennomførast betre. Dette vart tatt omsyn til utover våren og vil vidareførast hausten 2016.

2.1.2 Utfordringar innan «vurdering for læring»

Sjå over.

Eit av framlegga til endring av arbeid med MOOC var at lærarane ønskte å arbeide med oppgåver knytt til vurdering i faggrupper og ikkje i tverrfaglege team. Dei praktiserer samarbeid med anonym retting og at fleire rettar same oppgåver. Dei såg det som naturleg at dei og drøfta og fekk delt erfaringar i arbeidet med undervegs vurdering og eigenvurdering. Vi har lagt til rette for at oppsummeringar av felles diskusjon om oppsette tema skal leggjast inn i MOOC frå ein av gruppa.

2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:

Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Siste skuleåret har vi hatt auka fokus på bruk av IKT i læringsarbeidet. Ei arbeidsgruppa samansett av rektor, ass.rektor, IKT konsulent og e-koordinator har møter i snitt ein gong pr mnd. Vi har signalisert at vi vil støtte lærarar som ynskjer søke om HFK om midlar til digitale læringsprosjekt og dette har gitt resultat. I inneverande skuleår har vi hatt følgjande IKT prosjekt:

- **IKT læringsprosjekt omvendt undervisning:** lærar på køyrety lagar videoar som elevane skal sjå heime, slik at meir av skuletimane blir brukt til praktisk arbeid og rettleiing (1 lærar)
- **Nettbrett i vurderingssituasjonar:** lærarar på Byggfag Vg1 og Vg2 og 2PIT brukar nettbrett som reiskap i elevane sin eigenvurdering og til betre og meir konkret vurdering av elevane (3 lærarar)
- **Nettbrett i språkundervisning:** bruke nettbrett til å lage filmar der elevane får god øving i munnleg praktisering av språket (1 lærar).
- **Pulsklokkar i kroppsøving:** bruk av pulsklokkar for å tilpasse eigentrening til som treng trene på eiga hand, t.d. p.g.a. sosial angst, som er under opp trening etter skade (2 lærarar).

- **Surface/nettbrett/OneNote som reiskap i skulevandring.** Bruk av OneNote som sam skrivingsdokument. Alle lærarar får besøk av leiar og alle må kunne bruke OneNote.
- **Datalogging**
Bruk av datalogging i fysikkfaget (1 lærar).
- **Opplæring av elevar som «Superbrukarar» i klassane.**

Vi ser at auka fokus på bruk av IKT i læringsarbeid har ført til auka interesse i personalgruppa for sjå moglegheiter og interesse for å ta i bruk verktøyet i eige fag. Alle prosjekta har gjennom året vore presentert for kollegaer på Pedagogisk kafé

I felles tida i vår hadde vi besøk av representant frå Gyldendal som viste aktuelle digitale lærebøker. Fire klasser vil neste år få erfaring med desse når vi skal kjøpe inn nye lærebøker til hausten, byggfag, TIP, Vg2 kjøretøy og STUSP, rettslærefaget)..

2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»

Vi har framleis lærarar som er for lite oppdaterte på kva moglegheiter bruk av IKT i læringsarbeidet gjev, Nye tilsette siste år har ofte god data kompetanse og tek dette lett. Vi er positiv til det arbeidet HFK har lagt ned på nettstaden «digital skule» og vil neste år bruke det materiell som ligg der enda meir målretta, gjeld både informasjon om digitale læringsprosjekt, kompetansekartlegging og opplæringstilbod.

2.3 Klasseleiing

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.3.1 Vurdering av «klasseleiing»:

Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleiing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Elevundersøking viser framgang på spørsmål om klasseleiing, størst framgang når det gjeld arbeidsro i timane, sjå under. Vi har og framgang på punkta om felles regler og læringskultur. Problemstillingar knytt til klasseleiing, vurdering og oppfølging av elevar vert sett fokus på i kontaktlærarmøta som vert haldne ein gong pr måned. Framlegg av saker i plenum, gruppe diskusjonar /erfaringsutveksling. Vi starta hausten 2015 opp med å etablere TEAM. Det var sett av tid i fellestida og etablert team samansett av lærar frå fleire trinn som underviste på same utdanningsprogram. Målet var å sikre tettare oppfølging av elevane, samt vere ein arena for tverrfagleg arbeid og yrkesretting av fellesfag. Seinare same haust fekk skulen tilbod om å framskande deltaking i FYR skoleringa med eit år, og dette har naturleg nok tatt mest tid. Dette arbeidet vil halde fram neste skuleår, sjå punkt 3 og som ein følgje av det har vi endra litt på samansettinga av teama.

2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»

Utfordringar:

Klasselærarar råda:

Skulen har dette skuleåret praktisert ein modell der vi har satt av tid i fellestida på skulen for å unngå kollisjonar mellom dei lærarane som har fleire klasselærarråd å delta på.

Skule har lagt til rette for 2 - 3 kl. råd i terminen. I tillegg til kl. råda har vi dette skuleåret innført kl. team der en har hatt fokus på felles problemstillingar som vurdering orden/åtfærd samarbeid om kompetansemål mm. Slik at kl. råda skulle være meir ein info om enkelt elevar. Vi ser likevel at det er for få som møter opp til kl. råda, og ein får ikkje nok fokus på kvar enkelt elev og dei utfordringar som ligg der.

Ro og orden i timane: Frå hausten 2015 har skulen hatt ein miljøarbeider som har hatt fokus på å få elevar som ikkje møter i klasserommet etter det har ringt inn til time. Oppgåvene hennar har vore å samarbeide med kontaktlærarar om dei elevane som av ulike grunnar ikkje møter der dei har timen sin. Denne ordninga ynskjer skulen å vidareføra for neste skuleår. Miljøarbeidaren vil då ha ei tettare rolle knytt saman med skulens Nærværs team som vi skal starte opp med frå hausten.

Skulevandring: Skuleleiinga har tatt i bruk skulevandring for å komme tettare på aktiviteten i klasseromma. Dette skuleåret har fokuset vært; start av ein time. Leiinga har besøkt kvar enkelt lærar 4-5 gonger og avslutt med ein samtale der ein saman ser på kva har vore bra og kva kan ein eventuelt fokusera meir på. Leiinga ynskjer å vidareføre skulevandring neste skuleår. Kva kvar einskild lærar ynskjer fokus på skal avtales med den som skal vandra hjå den enkelte lærar.

Enkelt lærarar har hatt ynskje om å observera andre kollegaer i deira undervisning, samt samarbeide meir om felles planar mm. Dette arbeidet har det vore satt av tid til innanfor den faste fellestida i veka, men vi har ikkje sett heilt resultatata får dette arbeidet ennå. Vi er opne for at dette kan halde fram neste skuleår.

3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med

3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket

Målet med FYR-prosjektet er å gjere yrkesrettinga av fellesfaga på yrkesfaglege utdanningsprogram betre. Prosjektet skal sikre at elevar i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma får ei opplæring i fellesfaga matematikk, norsk, engelsk og naturfag som er relevant for deira skulekvardag og er yrkesretta mot framtidig arbeidsliv.

3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?

Tiltaket er valt, fordi meir yrkesretting av fellesfaga vil bidra til auka motivasjon og gjennomføring hjå elevane.

3.3 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

- Fellesfaglærarar, yrkesfaglærarar og leiinga har delteke på kurs.
- Det er laga eigne tiltaksplanar for dei ulike yrkesfaglege utdanningsprogramma.
- Ein har utarbeidd og teke i bruk årshjul i faga.
- Det er lagt til rette for samarbeid mellom fellesfaglærarane gjennom avsett fellestid og organisering i FYR-team.
- Samarbeidsprosjekt har vorte presentert for dei tilsette på pedagogisk kafé.
- Det er prioritert nye lærebøker i engelsk YF vg1 som er meir yrkesretta.

3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?

Utviklingsarbeidet har bidratt til eit tydlegare fokus på yrkesretting av fellesfaga og meir samarbeid mellom fellesfaglærarar og yrkesfaglærarar. Dette har truleg også bidratt til ei betre undervisning. Likevel må det understrekast at ein ikkje er i mål med dette prosjektet, og det er potensiale for å gjere endå meir ut av dette.

3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?

Det vert arbeidd vidare med FYR-prosjektet i skuleåret 2016-17 ved Austrheim vgs.

4 Prosess knytt til tilstandsvurdering**4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?**

Vi har satt av 2,5 time pr. veke til fellestid, 1,5 time tysdag ettermiddag og 1 time annan kvar veke torsdag. Det er utarbeidd årshjul som synes kva tida skal brukast tid. I inneverande år har de veksla mellom MOOC, Pedagogisk kafé, TEAM, klasselærarråd, tilbakemeldingar frå PULS, terminoppgjør, MU undersøkinga med meir. Problemstillingar knytt til utviklingsarbeid vert tatt opp og drøfta her. Vidare har dei ulike faggruppene eigne møter, ca. 1 time pr. veke, desse møta er timeplanfesta.

4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering

Obligatorisk deltaking, møtereferat og oppfølging i etterkant av avgjerder som er fatta.

4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Vi har brukt felles tid til å fokusere på dei ulike utviklingstiltaka og hatt gode prosessar der dei aller fleste er involvert. Mange oppgåver gjer det av og til vanskeleg å prioritere tid til dei ulike tiltaka, Vi ser og at timeplanendringar som kjem gjennom året kan føre til at oppsett samarbeidstid fell bort.

4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

Vi startar hausten med ei felles dag samling for tillitsvalde og kontaktlærarar i Kjeld straumen. Tema er knytt til utviklingsplanen og korleis sikre elevmedverknad. Elevundersøkinga vert presentert og drøfta i utvida elevråd, (alle tillitsvalde) om våren. Elevane sine framlegg til tiltak vert tatt med i vidare arbeid.

4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

Vi har lukkast bra med fleire av tiltaka i år. Opplæring i FYR et år før tida førte til «omvelting» av planar. Denne deltakinga har til dels tatt tid frå arbeid med MOOC. Vidare har det faktum at fleire lærarar engasjerte seg i IKT prosjekt medført at dei har prioritert tid til desse prosjekta framfør å delta fullt ut i andre utviklingstiltak. Avdelingsleiarane har drøfta å lage ein «individuell plan» for kvar lærar der det kjem tydlegare fram kva tiltak dei skal ha

fokus på når det utviklingstiltak neste skuleår.

5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare

5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?

Vi har sett av tid på planleggingsdagane til meir omfattande presentasjon om nytt styringsdokument. Leiinga har satt opp punkt som syner kvar vi har utfordringar, (vurdering – vidareføring av MOOC, elevmedverknad i opplæringa og FYR samarbeid.) Samstundes skal vi gjennomføre deltaking i «Drømmeskolen» og «Nærværs team» på ein god måte. Vi har lagt opp til å gjøre en prosess i tråd med U.dir. sitt framlegg om «Ståstedsanalyse» på utvalde områder. Vi tar med i vidare arbeid den informasjon som kom frå i MU undersøkinga.

Austrheim vidaregåande skule, 28. juni 2016

Kjersti Haugland, rektor